

OLWEUSSTANDARD

Standarden nedanfor representerer eit minimum aktivitetsnivå i form av 15 krav for skular som ønskjer å oppretthalde eit «godt nok» arbeid med Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial åtferd. Standarden er basert på Dan Olweus si forskning, samt mangeårige erfaring med programarbeid i norske skular. Vidare representerer standarden eit solid kunnskapsgrunnlag og forsvarlege rutinar for skular, slik at dei gode kvalitetane ved programmet skal kunne oppretthaldas etter innføringsperioden.

For skular som har innført Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial åtferd.

1. To gonger i året skal det arrangerast eigne personalmøter for alle tilsette ved skulen, kor hovudelementa i det tidlige og framtidige antimobbearbeidet vert gjennomgått og diskutert.
2. Det vert gjennomført minimum fem møter utover skuleåret i form av pedagogiske samtalegrupper for personalet.
3. Det blir halde minst eitt ein-dags innføringskurs for ny tilsette ved skulen.
4. det vert gjennomført undersøking med Olweus spørjeskjema om mobbing blant elevane ein gong i året, og resultatet vert meldt tilbake i tråd med anbefalingane i programmet.
5. Inspeksjonsplanen vert gjennomgått, kritisk vurdert og eventuelt revidert minst ein gong årleg.
6. Personalet ved skulen sørger for at dei fire skulereglane mot mobbing vert aktivt brukt i skulen.
7. Kontaktlærarane held minimum to klassemøter om mobbing og beslekta tema i elevgruppene per månad.
8. Mobbing tas opp som tema på minst to møter i elevrådet per år.
9. Mobbing skal vere fast tema i dei individuelle elevsamtalane ein gong per skuleår
10. Dei føresette haldast godt orientert om skulen si førebyggjande og problemløysande arbeid mot mobbing, på minst eitt klasse- eller trinnforeldremøte per år og i dei faste utviklingssamtalane.
11. Skulen skal kjenne til og kunne bruke dei prosedyrane som er beskrivne i Personalrettleiaren til Olweusprogrammet (Olweus, 2012) og som skal brukas i arbeidet med mobbesaker og anna type krenkande åtferd.
12. Alle tilsette ved skulen skal ha god kjennskap til kapittel 9A i opplæringslova og dei tilhøyrande bestemmelsane og saksbehandling i forvaltningslova. I tillegg skal dei kjenne til rettleiarar og rundskriv som utdjupar lovverket.
13. Skulen skal utarbeide ein kvalitetsplan som visar korleis skulen vil arbeide for å oppfylle krava i denne standarden og i opplæringslova kapittel 9A.
14. I alle saker kor det skal iverksetjast tiltak for at elevane skal få et trygt og godt skulemiljø, skal det utarbeidast ein aktivitetsplan.